

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Desember 2025



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik: Siri Elisabeth Eikemo
Soknerådsleiar Etne: Steinar Frønsdal

Leiar i Etne kyrkjelege fellestråd:
Gerd Ingunn Opdal

Adresse: Enge 5, 5590 Etne
Telefon: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjevevje
kyrkjevevja@etnekyrkja.no
97 57 30 21



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
53 77 11 75



Kari Vik Stuhau
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
47 25 35 29



Elisabeth Vae Haaland
Barne- og ungdomsarbeidar
bua@etnekyrkja.no
90 06 27 28



Oleksandr Zavialov
Kyrkjegardsarbeidar
93 95 58 84



Solveig Sørheim Eikanes
Organist
organist@etnekyrkja.no
53 77 11 77



Tone Heide
Organist
toneheide65@gmail.com
41 33 64 09



Anne Holter Vae
Leiar barne- og ungdomsarbeid
tru@etnekyrkja.no
99 15 88 14



Foto: Aasmund Erlandsen Sandland
/Nasjonalbiblioteket

Forteljeforestilling i Stødle

Fredag 16. januar fortel Torgrim Mellum Stene om Magnus Lagabøte - Kongen som ikkje skulle bli konge - i Stødle kyrkja. Magnus var sjukleg som barn og vart send på opplæring til fransiskanarmunkane i Bergen. Der lærte han dei verdiane som gjorde at han kunne laga ei radikal og moderne landslov for Norge på 1200-talet.

Torgrim Mellum Stene har laga ei forteljing om Magnus Erlingsson og fortalt den mange gonger i Etne. Han seier at Stødlekyrkja er hans favorittkyrkje. Etne sogelag er arrangør.

Marta Onstein

Hjelp barn i hjem med rus



90.000 barn i Norge vokser opp
i hjem med rus. Med din støtte kan
vi hjelpe flere familier som strever!



 **Blå Kors**

Gi din gave
på **Vipps 936679**

Ei julebøn frå biskopen

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: ”Kjære Jesus”.

Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus.

Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus.

Og ikkje minst: Med overtydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleda:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft.
(Rom 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie: Kjære Jesus!

For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som



vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håpløst, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen. Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

*Kjære Jesus, det er du som skal kome.
Av den tørraste kvist skal von springe fram.
Av det som ingen rekna for noko, skal liv bryte fram.
Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem.
Amen.*

Biskop Ragnhild Jepsen

Gullkonfirmantar



Bak frå høgre: Sigbjørn Tjelmeland, Kåre Heggelund, Rune Grindheim, Øystein Sorheim, Jan Otto Møland, Torstein Børve, Leif Arne Løvereide, Kjell Magne Grindheim. **Midtre rekke:** Geir Paulsen, Lars Eikemo, Kirsten Saltnes Markbus, Trude Enge, Hildegunn Vreim Myhre. **Fremst frå høgre:** Anne Marie Orvedal, Svanang Opedal Simonsen, Gerd Skumsnes Sorbus, Toril Pedersen Gravelsøter, Reidun Fitje Oppheim, Inger Olang Flatebo Sandvik, Hanne Klokkesteruen, Gunn Nordis Rafdal Ekornrud. Foto Aud Jorunn Baustad



Frå venstre: Vigdis Opheim Håland, Grethe Molnes Solheim, Lars Johan Tungesvik, Iren Langhelle, Marianne Horda, Bente Hauge Bostrom, Sigrid Bothun, Jan Knudsen, Dag Anders Hornenes, Lars Rune Langhelle, Hallbjørn Hjelmervik, Solveig Elin Boken. Foto Alf Ole Bull-Tornøe

Per Hjemdal blir ny sokneprest i Skånevik

Per Hjemdal er nytilsett i 50 % stilling som Sokneprest i Skånevik og 50 % stilling som Prostiprest i Sunnhordland Prosti.

Han tiltrer 1 januar med kontorplass ved Etne Kyrkjekontor for begge stillingane.

Per har si fyrste gudsteneste i Fjæra sundag 11 januar kl. 11, og skal formelt innsettast til stillingane av prost Arild Steinsland i Skånevik Kyrkje sundag 18 januar kl. 17.

Kyrkjeposten har snakka med Per på telefon frå Sotra, der Per har vore Sokneprest i Fjell kyrkjelyd dei siste tre åra. Det har vore ei god tid, men han fann tidleg ut at han trivest best med å vera prest på bygda. Både kona og eg oppdaga kor mykje dei eigentleg sette pris på livet på landet, og han legg ikkje skjul på at både han og kona Mali saknar livet på bygda, og er meir enn klare og glade for å koma til-bake til bygdene, folka og kyrkje-lydane våre. Det vert og spanande og interessant å få arbeida i heile Sunnhordaland

prosti. Som mange kjenner til har Per og Mali halde kontakt med Etne bygdene ved at dei skaffa seg fritids-bustad på Håfoss i Etne, og hatt mange gode stunder der.

I fyrste omgang kjem Per til å pendle ein del frå Sotra, og elles nytta fritidsbustaden når han er her i Skånevik og Etne. Etter kvart er det planen å skaffa seg eit større hus her i bygdene ein stad, alt etter korleis ting legg seg til rette. Kyrkjeposten sine lesarar ynskjer "Per prest" og familien hjarteleg velkomen tilbake til oss, og ynskjer Guds signing over arbeid og teneste!!



Foto Yngvild Sørheim

Steinar Frønsdal

Julekonsert med Skakkekoret

Me gjentek suksessen frå i fjor med to magiske jule-konsertar på same kveld.

Tysdag 16, desember

Konsert nr 1. kl. 18.00 og konsert nr. 2 kl. 20.00.

Kvar konsert har kun 99 plassar, så her får du ein heilt spesiell og nær oppleving av julas vakraste songar.

Me ynskje å fylla rommet med fred, varme og ekte julastemning, og håpar å gje dei ein liten pause i ein travel førjulstid.

Kom og opplev julas magi med Skakkekoret - me gler oss til å syngja for deg!



Foto Svein Egil Økland

Julepynten som betyr noko

Det er om lag 200 år sidan tradisjonen med å ta juletre inn i stova kom til Norge. Mange pyntar juletre utan å tenkja så mykje over kva den ulike juletrepynten er symbol på.

Juletreet skulle vera «eviggrøne», difor er gran og furu dei vanlegast. Grunnen til at det skal vera eviggrønt er at det skal symbolisera det evige livet. Jesus kalla seg sjølv eit tre, der me skal vera greinene. Treet symboliserer også liv og vekst.

Stjerna minner oss om Betlehemsstjerna, som viste veg for vismennene til staden der Jesus var.

Lys Jesus seier: «Eg er lyset i verda». Jesus er som eit lys som skin i mørket.

Englar minner oss om den første julenatt då gjetarane fekk høyra englane som kom med

gledebod om kongen som var født.

Fuglar Den heilage Ande...som ofte viser seg som ei due i Bibelen. Eller som sporvar, som Jesus peikte på for å visa korleis Gud bryr seg om alt det skapte.

Julekuler er symbol på jorda og Guds kjærleik til den. Akkurat som ei kule er sårbar, er det også med jorda vår. Den må me ta vare på.

Lenkjene: Minner oss om at me høyrer saman med alle menneske i heile verda. Og at me må ta vare på kvarandre. Ingen lenkjer er sterkare enn det svakaste leddet. Slik er det også for menneska på jorda.

Hjarte minner om Guds kjærleik, og at han vil følgja oss kvart steg

Aud Jorunn Baustad



Julepynten blir tatt fram år etter år, og betyr mykje for mange. Den kan gi assosiasjonar til juledagar i barneår og bringe gode minner fram. Sjølv har eg eit lita klokke, som betyr mykje for meg. Ho var den siste eg hengte på

juletreet då eg var liten, og nå heng eg ho opp til sist på treet i min heim og får gode minner.



Solveig Sørheim viser oss hjarta ho fekk i julegåve av ei venninne som hekla det til ho. Dei studerte saman på Griegakademiet og det er sjeldan dei treffes no. Dei hadde mange gode stunder saman og ho fortel at det alltid er

kjekt å henge dette på treet, då det minnar ho på ei god venninne.



Sigrid Bøthun fortel om julepynt som betyr noko for ho. Som born var ho misunneleg på naboungane som alltid hadde foreldra sine heime både litlejulafta og julafta, medan hennar foreldre hadde sine travleste dagar då. Heile

desember gjekk til prising, utstillingar og kunde-handtering i P. Bøthun landhandel. Det vart lange kveldar på foreldra hennar, og julafta kom dei ikkje heim før kyrkjeklokkene slo. Men natta før hadde dei fått inn juletreet, og der måtte det vera både lenkjer av glitter, korgjer og bomull. Ho har ikkje med seg den gamle korga til sitt hus, men har sikra seg ei ny som er med og opprettheld gode minner. Og når ho kjem på julebesøk i heimehuset i Eikehaugen, gler det ho at den gamle kyrkja står på utstilling, som alltid sidan tidleg på 1960-talet. Blir ikkje jul utan kyrkja, seier ho.

Kari Johansson

Nissane og eg

Eg hadde lenge eit litt anstrengt forhold til nissen, heilt til eg for alvor oppdaga at han er meir enn den vesle, sure fyren som ikkje kjem smilande inn i stova med gåver, men sit kravstor borte i løa og vil ha graut.

Heilt til det gjekk opp for meg at han på eit vis er ein gammal kollega. Den gavmilde nissen, Santa Claus, har sitt opphav i Tyrkia. Han heitte Nikolaus, var biskop i byen Myra og skal ha vore på det viktige kyrkjemøtet i Nicea i året 325. Biskop Nikolaus skal ha vore kjend for å gå rundt og gi gåver til fattige folk. Dessutan var han og skytshelgen for sjøfolk.

Nissestatus fekk han rett nok langt seinare, og særleg i Amerika blei han til den Santa Claus me kjenner, som kjem i raud drakt på slede dregen av reinsdyr, gjerne frå Nordpolen.

Denne gavmilde nissen har eg sans for, bortsett frå ein uvane han har lagt seg til. Han kjem støtt inn i stova og spør om her er nokre snille born. Gamle Nikolaus spurde ikkje slik, men leita opp dei fattige. Nett på dette punktet bør nissen i god evangelisk, inkluderande ånd skjerpa seg kraftig.

Vår nissestradisjon er vel ei blanding av desse to, Santa



Foto: Harald Grønnevik

Claus og fjosnissen. Den sistnemnde har opphav i gammal nordisk folketro og liknar gardvorden som skulle ta vare på garden.



I Nederland har dei ein litt annleis tradisjon frå biskop Nikolas i Myra. Dit kjem han 5. desember med gåver til borna, og heiter Sinterklaas. Kanskje det hadde vore ei god endring, å leggja alt pakkestyret til den dagen, og slik få ein fredeleg julekveld i heimen?

Dagen ligg alt klar på primstaven vår. Nils-messe er 6. desember og blei tidlegare feira her til lands. Tenk på det!

Harald Grønnevik



Barnas

Vits:

Veit du kva som
er meitemarkens
favorittsong?
Svar: Deilig er
jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe
gjetarane å finne
vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FINN FEM FEIL

Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet
i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men
kan du finne dei fem feila på biletet under?



FARGELEGG



Gi bladet Barnas
til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00




PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2

også vidare.

Kva gøymer

seg her?



Søndagsskolen - mer enn du tror

Lys vaken

Laurdag før første søndag i advent var mange spente born samla i Skånevik kyrkje. Dei var invitert til «Lys vaken», eit opplegg som blir gjennomført for mange 11-åringar rundt omkring i heile Norge akkurat denne helga.

Elisabeth og Anne, saman med god hjelp av konfirmentar og andre frivillige stod for programmet.

Borna utforska kyrkja både innvendig og utvendig, til og med heilt oppi tårnet. Dei løyste oppgåver, leika og førebudde gudsteneste ved å lage bønner og øve på song og dans. På menyen stod både pizza frå hotellet, heimelaga bollar og god frukost om morgonen. Det vart ete ein del godteri også, kunne borna fortelja.

Me har vore ute og hatt postar, og det var veldig gøy, fortalde Elise Kuijt. Søstera Jolijn syntest det var så kjekt å vera i kyrkja, at ho lurte på om dei ikkje kunne få lov til å overnatte der oftare?

Lydnivået utover kvelden vitna om god stemning, og at dei hadde det kjekt. Det kunne verka som at nokon trudde dei skulle vera lys vakne, bokstavgleg talt, men etter kvart krøyp dei ned i soveposane sine, og roen senka seg i kyrkja. Om natta stilte frivillige som nattevakter, og dei kunne rapportere om at det var nesten stille.

På søndagen var det klart for familiegudsteneste. Lys vaken-gjengen hjelpte til med alt frå å ringe i klokkene, lese tekst og bønner, til lystenning og dans. Det vart ei flott gudsteneste, med dåp av to born og markeringar av at Skånevik kyrkje er 125 år, orgelet 50 år og den nynorske salmeboka 100 år i år. Dette fortente ei festkake på kyrkjekaffien etterpå.

Dette vart ei triveleg helg, og eit minne borna tar med seg vidare. Det er ikkje mange som kan skilta med at dei har overnatta i kyrkja!

Kari Johansson



Lys-vaken gjengen på familiegudstenesta om søndagen.

Foto Anne Holter Væ



Når fjorten 11-12-åringar overnattar i kyrkja, kan det hamne ein bamse i lysekrona.

Foto Kari Johansson

Anne er ny leiar i Barne- og ungdomsarbeidet

Anne Holter Vae er den nye tilsette innan barne og ungdomsarbeid i kyrkja i Etne, etter at Randi Matre slutta i stillinga som kyrkjelydspedagog tidleg i haust. Anne driv gard på Vae i Etne saman med Kai Egil som jobbar i Nordsjøen i tillegg til gardsdrifta. Dei har fire born tidleg i tenåra, ein gut og ein trillingflokk med jenter. Då Anne kom til Etne i 2009 hadde ho fullført utdanning frå universitet på Ås. Og den får ho bruk for når det er både mjølkeproduksjon, og sau på garden. Mange i Etne kjenner kvinna frå Stavanger gjennom ulike verv innan bondenæringa som ho også har vore innom.

Men no har Anne kasta seg ut i nye utfordringar som ho gler seg til å arbeida med. Ho har vore med som frivillig i kyrkja gjennom ulike tilbod, men no er ho altså med i staben i om lag halv stilling. Utdanning som relasjons-terapeut kan brukast i denne jobben, og Anne kjem til å kursa seg ytterlegare med tanke på dei nye oppgåvene i kyrkja. Planen er å starta på eit studie neste år som er særskilt tilpassa kyrkjeleg undervisning.

Eg er veldig glad i ungar og å snakka med ungar. Eg er glad i å formidla, og ønskjer at dei som kjem hit skal bli kjende med Jesus gjennom bibelforteljingar. Det skal vera lett å koma hit, og eg vil at både born og vaksne skal føla seg trygge og heime i kyrkja, seier Anne.

Samlingsstund med 4-åringane.

*Foto
Elisabeth
Lunde
Sørheim*



Foto: Aud Jorunn Baustad

Gjennom jobben som kyrkjelydspedagog har ho ansvar for ulike trusoppplæringstiltak. Babysong og småbarnstreff høyrer med til tiltaka, der mødre eller fedre kan møta med sine små. Ved å møtast over ein kaffikopp kan foreldre eller andre føresette bli kjende med kvarandre, og gjerne få ei lita kvilestund frå ein hektisk kvardag. Anne og organist Solveig Sørheim Eikanes har hatt baby og småbarnstreff saman i haust. Gruppa blir delt med to ulike songopplegg dersom det kjem fleire større born.

Me håpar at fleire tar med seg babyar og smårollingar og møter opp i kyrkja, seier kyrkjelydspedagogen.

Saman med andre i staben kan Anne Holter Vae fortelja at det vil bli satsa på fleire lågterskeltilbod, til dømes eit middagstilbod midt i veka etter tripp-trapp treffet. Ho tykkjer det er kjekt å vera ein del av staben, og ser særleg fram til å samarbeida med svigerinna Elisabeth Vae Haaland som er kyrkja sin barne- og ungdomsarbeidar.

Til orientering kan det nemnast at babysongen er eit ope tilbod kvar torsdag i Etne nye kyrkje i tidsrommet frå halv ti til klokka tolv på dagen, og tilbodet er for born med foreldre frå heile kommunen. Elles har kyrkjelydspedagogen ansvar for tilbod i kyrkja i både Skånevik og Etne.

Alf Østrem

Istandsetjing av gamle kyrkjer

Det er slik når det gjeld verna og freda bygg at me kan ikkje berre setja i gong. Det må søknadar og godkjenningar frå Riksantikvaren til. Det trengs også finansiering.

Kyrkjebevaringsfondet er eit fond som vart oppretta for 2-3 år sidan, og er regjeringa si satsing for å ta vare på dei kulturhistorisk viktige kyrkjene i Norge. Her kan me søkja om midlar til istandsetjing av kyrkjene.



Me har 4 kyrkjer som kjem inn under denne ordninga og kan søkja tilskot, - Stødle, Gjerde, Grindheim og Skånevik. Ein kan få dekkja ca. 60% av kostnadane, resten må me få finansiering til lokalt/kommunalt.

Me har dette året fått midlar til og gjennomført forprosjekt både på Grindheim og Stødle kyrkjer. Det inneber mellom anna tilstandsvurdering.

Me har valt å prioritera Grindheim vidare først, og har no søkt om løyve til å gjennom-

føra istandsetjing her komande år.

Dei tiltaka som skal gjennomførast er komplett omlegging av taket på heile kyrkja, utskifting og maling av kledning, restaurering av vindauge og dører, innvendig rehabilitering av malte overflater og brannsikring.

Kyrkja kjem til å bli stengd i arbeidsperioden. Me veit ikkje heilt kva tid det blir enno, men håpar at me kan gå i gong med arbeidet til våren/sommaren.

Aud Jorunn Baustad

Gravplassane i Etne

I oktober vart det gjort eit arbeid på gravplassane i Etne, ved at med fjerna gravminne som skulle slettast. Dette var gravminne der pårørende har gitt beskjed om at dei ikkje ynskjer å festa gravene vidare, gitt beskjed om dei skulle slettast grava, og der me ikkje hadde funne ansvarlege/etterkomarar. Det vart fjerna om lag 350 steinar.

Det har lenge vore eit tema om å utvida

gravplassane. No når det er blitt sletta så mange graver, har det frigjort mykje plass, så utviding kan utsetjast.

Det er også tenkt at det skal vera namna minnelund for urnegraver på både Gjerde, Grindheim og Stødle. Konkrete planar for dette er ikkje på plass enno, men det kjem.

Aud Jorunn Baustad

Trappesnikke

Lars Ebne (84) er stolt av at han framleis har 10 heile fingrar. Han kjende trappesnikkerar som berre hadde stubbar igjen. Og han er veldig glad for at han fekk jobba med faget han blei utdanna til.

Mange i distriktet vårt har trapper i husa sine som er laga av Lars Ebne frå Skånivikstranda. Ja, han fekk også tilnamnet Trappe-Lars, noko han må ta som ein heiderstittel. Han vaks opp under høvelbenken til faren, og fekk såleis mykje av kunnskapen inn med teskjei. Faren Lambrigt var utdanna møbelsnikker, og Lars tok den same utdanninga i løpet av to år på Ryfylke Arbeidsskule på Sand. Etter militærtenesta jobba Lars 12 år i Knudsen-fabrikken i Skånevik, der det blei laga trapper, dører, vindauger og kjøken. Fabrikken slutta å laga trapper, og Lars starta opp trappeproduksjon på heimegarden.

Etter å ha snakka med Morten Helland i Etne som var i ferd med å avslutta som trappesnikker, kunne eg starta med godt samvit, seier den fingerneme trearbeidaren, og legg til at han aldri har angra på at han starta for seg sjølv.

Det var eit godt marked for trapper til bustadhus då Lars Ebne starta opp med sin produksjon for 50 år sidan. Han måtte reisa rundt i nybygga for å få dei rette måla når kundane kom direkte til han, men Berge Sag og Skånevik Trelast som var viktige kundar tok ofte måla sjølve og leverte dei til Lars. Men han var nøy på at ikkje oppdragsmengda blei for stor, og sa nei dersom kundane ikkje kunne få trappa innan to månader. Me tippar arbeidsdagane var lange då oppdraga stod i kø.

Produksjonen starta i ein gamal verkstad som faren hadde hatt, men etter eit par år sette Lars opp sin eigen verkstad. Svingtrappene teikna han liggjande på golvet.

Å teikna ei rett trapp krev berre å kunna dela og ganga, slår han fast.

Maskinparken i verkstaden blei fornya litt etter kvart, og gjerne med brukt utstyr. For å halda fram med å laga trapper kom han til eit punkt der han måtte ha investert i datamaskin til sjølve

produksjonen, og eit eige rom for lakking og måling.

Dette hadde blitt for dyrt for meg som ikkje hadde nokon til å driva verksemda vidare, og eg gav meg difor med å laga trapper då eg var 67 år.

Allsidig mann

Tusenkunstnaren Lars Ebne har halde fram med å produsera i verkstaden sin heilt fram til i dag, og alle tinga han har laga kan ikkje nemnast. Alt frå tønner til småbord, lampar og fine trevogger til både babyar og dukker. Og det blir framleis skapt nye ting, og gamle møbler blir som nye når Lars får ei hand på dei. I haust var benkeplater i eik under arbeid.

Det må elles nemnast at båtbyggjing var ein av syslane på småbruket som strekkjer seg ned mot sjøen. Det blei laga gavlabåt, og Lars saman med faren laga i si tid ei lita skøyte. Mange robåtar er blitt reparerte. Produksjon av ein pram er blitt festa til filmen av videoklubben i Etne.

I løpet av dei siste åra tok den sindige møbelsnikkeren på seg eit større oppdrag med å reparera dei fire eikjedørene i kyrkja i Skånevik. Dørene måtte fraktast til verkstaden hans for restaurering etter at ver og vind hadde fore stygt med dei kraftige dørene. I verkstaden har han også liggjande ny topp til døypefonten i den same kyrkja.



Lars Ebne driv framleis på i verket i Skånevik.

eren på Ebne



estaden sin. Her viser han fram ny topp til døypefonten i kyrkja
Foto: Alf Østrem

Faren Lambrigt hadde nokre få kyr og ein del sauer, og dreiv også med fiske. Dyrehaldet på garden blei avslutta med eggproduksjon frå 1600 høns. Lars har ikkje hatt dyr, så han leiger ut jorda.

Eg var aldri interessert i gardsdrift, det var berre pliktarbeid for meg, seier einebarnet Lars.

Lars har heile tida vore åleine i verkstaden sin. Men sitt sosiale liv har han blant anna hatt som ein av eldsjelene i motormuseet i Skånevik. Han har vore med i styre og stell på dette museet sidan 90-talet. Nå har han ikkje lenger styreverv, men er med i dugnadsgjengen på 6-7 pensjonistar.

Båtmotorar har eg alltid vore interessert i. Eg var med på brislingfiske eit par sesongar i ungdomen, og dette var ein god skule for livet. På denne tida lærde eg både å kjenna motorane på lyden, og å læra om ulike båttypar.

Reiselyst

I 1990 gifta Lars Ebne seg med Mathilde frå Stord. Ho jobba mellom anna som helsesøster etter at ho kom til kommunen. Dei bygde nytt hus ovanfor tunet der Lars vaks opp, og derifrå har dei ei fantastisk utsikt mot sjøen. Ekteparet har vore på fleire turar saman, mellom anna på Den røde plass i Moskva. Dei likar å vera med på bussturar her i landet, og elles på pakketurar ute i verda som hat gitt mange fine opplevingar.

Lars er både bedehus- og kyrkjemann. Kristen-trua meiner han gjer innhald til livet.

Eg likar å høyra på forkynning og fin song. Forkynninga har endra seg opp gjennom åra. Det er viktig at forkynninga er i tråd med det som står i skrifta, men elles ser eg at det må skje forandringar som er i takt med tida.

Har du hatt tid til å lesa bøker?

Eg likar best å lesa kulturhistoriske bøker, og gjerne bøker frå sjømannslivet.

Mannen som er kjend av mange for trappene sine kan sjå tilbake på eit rikt liv. Og med ti heile fingrar kan han enno få mykje gjort. Men me trur ikkje at det er fingrane til Lars som steller alle dei fine blomane i vinduskarmen i stova i den koselege og gjestfrie heimen på Ebne. Dei må Mathilde få æra for.

Alf Østrem

Konsert med Utakt

Utakt er klar med nye konserter/forestillinger, og temaet nå er HÅP.

Konseptet er det samme som før, og egner seg for et lyttende publikum ☺

Denne gang tar vi deg med inn i litt av håpets enorme univers, gjennom et repertoar som ledsages av korte monologer som først og fremst har til hensikt å fremme lyrikk-en og budskapene i sangtekstene.

Skaper vi i tillegg til det å gi deg en konsert-opplevelse, også refleksjon og ettertanke, så er



Foto Torbild Molland

det bra - da har vi virkelig lykket.

Hvor utfordringer og håp ligger i de enkelte sangtekstene, skal hver og en få lov til å kjenne på for sin egen del.

Utakt består av Torhild Hamre, Egil Jørgensen, Svein Ketil Løhaugen og Geir A. Molland - som alle

håper å se deg på minst en av våre konserter/forestillinger.

En varm hilsen, og et hjertelig velkommen fra oss, til konsert 12. februar i Etne kyrkje ♥

Reunion for fjorårskonfirmantar



*Foto begge
bilder: Anne
Holter Vae*

Halve kullet med fjorårskonfirmantane i Etne kom på reunion i kyrkja ein dag etter skulen. Me koste oss med pizza, kahoot og leikar. Det var godt å sjå dei igjen, ein fantastisk herlig gjeng som me er blitt så glade i. Ikkje alle hadde anledning til å komma denne ettermiddagen, men me ser dåke rundt omkring i bygda og er så stolte av dåke alle 24!





Foto: Anne Holter Vae

Mons mista merkene framfor 200 skuleborn

Å få dokketeater på besøk i kyrkjelyden høyrer til unntaka, men 17.oktober var me så heldige å få besøk av teatertroppen «Teater dukker opp»! For meir enn 200 born, fordelt på to forestillingar fekk me sjå teaterstykket «Mons og Merkene». Fortellinga er varm og sterk, og teatertroppen held forsamlinga i magien heilt til siste slutt. Med tema som identitet, fellesskap og tru passa stykket for både vaksne og born. Enge skule kom med 180 skuleborn og lærarar frå småskulen på forestillinga kl 12, og fleire av borna var så nøgde at dei likså godt kom på neste forestilling kl 18 i lag med resten av familien. Kveldsforestillinga var halde i samarbeid med fredagsklubben der sistnevnte stilte med tacoservering til dei som ville fortsette kvelden der – godt oppmøte med 75 stykk!

«Mons og Merkene» er inspirert av boka «Du er unik» av Max Lucado, og handlar om Mons og broren Magne som bur i eit samfunn der det viktigaste er å være flink og pen (ikkje heilt ulikt vårt eige samfunn). Dei flinke og pene får stjerner, mens dei som ikkje er så flinke får prikkar. I historia er Mons ganske klossete og har fått mange prikkar, mens broren Magne har nokre prikkar, men er meir vellukka og har eit par stjerner også. I fleire livlege og humoristiske scener rundt Mons

og Magne får troppen ungane i salen til å le høgt. Og etter eit møte med vakre Violetta som ikkje har merker i det heile (av ein god grunn), får me til slutt møte Dokkemakaren. Dokkemakaren fortel at han har laga Mons, og at han er så glad for å sjå han. Han lærer Mons at han er heilt perfekt slik han er – for Dokkemakaren gjer aldri feil. Når Mons trur på det Dokkemakaren seier fell alle merkene av han og han kan vere seg sjølv heilt og fullt.

«Teater dukker opp» er eit fellesskap starta opp i 2015, med spisskompetanse innan figurteater, musikk, forteljekunst og pedagogikk. Dei har ein visjon om å auke medvita og gleda rundt figurteater og det klarte dei godt!! Ein entusiastisk gjeng med stor varme og dyktighet i faget sitt som me hadde stor glede av å ha her. I samarbeid med Skjærgårds Live har dei laga teaterstykket «Mons og Merkene».

Ei ekstra takk til Barne og ungdomsarbeidar Elisabeth Vae Haaland som trekte i trådane slik at me fekk ei magisk teateropplevelse.

Ein svært vellukka fredag syns me - det var ei lukke at Teatertroppen dukka opp når dei gjorde.

Anne Holter Vae



Anne engasjerer 4-åringane på miniskulen med flanellograf. Foto: Elisabeth Lunde Sorheim



4. des. var det flott konsert med Etne Soul Kids og childre Fo

Glimt frå ky



5. des var det, tradisjonen tru adventssamling på Fjæra. Foto Randi Frette





*n og Soul Teens.
to Trygve Haaland*

*16. nov var det familie-
gudsteneste på Fjæra.
Det var barnedåp, og det
var også utdeling av bok
og tøylammet «kerolle»
til 2-åringane.
Foto Solveig
Sorheim Eikanes*



rkjelydane



*Etter samling med
songar og jule-
forteljing vart det
servert kaffi
og heimebakst.
Foto Aud Jorunn
Baustad*



*Det var god
drøs rundt
borda.
Foto Randi
Frette*

Trusopplæringstiltak i vinteren

Laurdag 17. januar blir det TÅRNAGENTAR i Gjerde kyrkje for 8 åringar både frå Etne og Skånevik, med tårnagentgudsteneste i Gjerde kyrkje 18. januar kl. 11.

I mars blir det dåpsskule for 6-åringar både i Etne og Skånevik, denne dåps-skulen blir avslutta med påskevandring i gudstenestene 22. mars kl. 11 i Etne og kl. 17 i Skånevik.

Snikkerverkstad i Skånevik er annakvart år, for 2 kull om gongen, så det blir i 2027.

Våre unge kyrkjetenarar

Det er ein kyrkjetenar på jobb på kvar gudsteneste, og på mange andre ting som skjer i kyrkjene.

Me tenkjer nok ikkje alltid over det, men lenge før me kjem til gudsteneste og andre ting som samlar oss i kyrkjene, er det nokon som har vore tidleg på plass, og gjort klar både lokale og alt som trengst. Pynting, klargjering til dåp og nattverd, lydanlegg, tent lys, bistått andre medverkande, testa lydanlegg og ringt med kyrjeklokkene, berre for å nemna nokre av oppgåvene.

Korleis dette fungerer varierer litt. I Skånevik, Fjæra og Frette har kyrkjetenar oppgåvene under gudstenester heilt fram til i sommar vore gjort på dugnad, heilt fantastisk!!

Skånevik har i sommar og haust hatt fast tilsett i 10 % stilling. I Fjæra og Frette vil det framleis vera trufaste frivillige. Kyrkjetenarfunksjonen ved gravferder vert oftast utført av kyrkjegardsarbeidar eller andre av dei tilsette i kyrkja.

I Etne er det til saman fire stk. som har kvar sin liten stilling. Av desse er det heile tre unge jenter på 17 år, som rullerer på gudstenester i kyrkjene i Etne: Liv Irene Frette, Lilly Tjelme-land og Anna Sørheim Reiso. Erling Storesund har den fjerde stillinga, og lengst fartstid.

Kyrkjeposten har fått vore med to av dei på jobb, og me ser med ein gong at både Liv Irene og Lilly er godt trena med jobben og alle oppgåvene som skal gjerast på førehand og under, og etter gudstenesta. Eg møter opp ein time før, seier Lilly, som er på jobb på kveldsgudsteneste i Etne kyrkje denne sundagen. I Etne kyrkje er det automatisk ringing, men i dei gamle kyrkjene startar eg i god tid før fyrste



Foto: Steinar Frønsdal

ringing ein time før gudstenesta. Ringing i dei gamle kyrkjene er og eit kapittel for seg, det er enklare i Etne Kyrkje der det er automatisk ringing, og berre e å trykka på ein knapp. Ein kyrkjetenar må allereie dagen før førebu seg og blant anna syta for blomar og pynt. Er det gudsteneste i dei gamle kyrkjene, må det også syttast for at varmen vert slått på, gjerne fleire dagar før gudstenesta, fortel Liv Irene. Dei har ei sjekklister som hjelper til å huska alle rutinane som må fylgjast, og alle oppgåvene før, under, og etter guds-

tenesta. Den er nyttig og god å ha, fordi det er utruleg mykje å huska på, og mykje som varierer etter kva gudstenesta inneheld, om det er dåp, nattverd, familiegudsteneste osv. I og med at det er tre kyrkjetenarar som rullerer, og deler på gudstenestene, får ein av og til litt lite mengdetrening, seier Lilly. Dei enklaste gudstenestene for kyrkjetenaren er nok dei som er i Etne Kyrkje, det er både Liv Irene og Lilly einige om. Den sundagen me fylgjer Liv Irene på jobb er det nattverd, og då fylgjer det litt ekstra arbeid når det blir nytta nattverdsbeger, seier Liv Irene og stablar dei inn i oppbevaringskassen der dei står klar til reingjering. Me spør Lilly kva ho syns om å stå tidleg opp på sundagar og koma seg på jobb? Kjekt å ha ein jobb, og god erfaring å ta med seg vidare. Ein må læra seg å vera systematisk og påpasseleg, og henga med heile tida, svarar Lilly med eit smil. Det var forresten Liv Irene som tipsa meg og spurte om eg ville byrja, då det var ledig jobb. Lilly anbefalar gjerne jobben til andre. Kyrkjelyden håpar at ungdomane held fram i jobbane så lenge dei kan, og er takknemlege for den gode jobben dei gjer!!

Steinar Frønsdal

Kyrkjegardsarbeidar

Oleksandr Zavialov heiter den nye kyrkjegardsarbeidaren vår, og han vart formelt tilsett i juni. Han tek over stillinga etter Linda Horne Hjelmtveit som slutta tidlegare i år.

Oleksandr har vore vikar i denne stillinga ei tid, men er nå ein ny fast tilsett medarbeidar. Før han kom til Norge frå Ukraina i 2022, arbeida han som maskiningeniør på ei industribedrift. Frå 2014 då situasjonen endra seg i heimlandet, flytta han til ein annan stad, og dreiv blant anna med grønnsakproduksjon. Han har stor nytte av å ha arbeida med ulike ting før han starta i jobben han har nå.

Arbeidsoppgåvene til Oleksandr er varierte og skifter med årstidene. Vår, sommar og tidleg haust går det mykje tid til å halda grøntareala fine, og slå gras, og halda det fint og presentabelt for besøkjande på kyrkjegardane våre. Noko Oleksandr klarar veldig godt, sjølv om det ofte er små vêrvindauge, og store areal som skal klippast til ein kvar tid. På høgsesongen og i ferietida får han hjelp av sommarvikarar, og rundt Etne kyrkje har ein nå skaffa ein "Robot Sau Klypar" som Oleksandr får god hjelp av, men som han og må sjå litt etter av og til. Elles deltek kyrkjegardsarbeidaren i førebuing og etterarbeidet ved gravferder og arrangement

elles. Og førefal-
lande arbeid og
vedlikehald både
utvendig og inn-
vendig i kyrkje-
ne. Det er til ei
kvar tid mykje å
passa på, sjølv
om dei gamle
kyrkjene våre nå
vert mindre brukt,

er det ein god del ettersyn og rutinar som må fylgjast opp, i og rundt kyrkjene og kyrkjegardane gjennom heile året. Oleksandr er flink til å sjå ting som må gjerast, og har stor gjennomføringsevne. Han har og allereie gjort stor suksess som skodespelar i julespelet for barnehageborna i adventstida. Me spør Oleksandr kva han likar best med jobben sin: svaret kjem ganske kjapt, å få arbeida ute, med planter, jord og å gjera det fint og presentabelt på kyrkjegardane og kyrkjene. Han har lært seg mykje norsk allereie og slår meir enn gjerne av ein prat når han treff folk. Kyrkjeposten ynskjer Oleksandr lukke til i arbeidet og gler oss til fortsettinga.



Foto: Steinar Frønsdal

Steinar Frønsdal



Opningstider

Onsdag 11-16, laurdag 11-15

**Velkomen innom
for ein god handel!**

Julekonserten Sæle Jolekveld

Julekonsert i Skånevik kyrkje torsdag 18. desember kl. 19.00.

Songaren **Leif Jone Ølberg** er på juleturné saman med far sin, Lars Bernhardt Ølberg.

Med si varme og kraftfulle stemme treff han publikum rett i hjartet, og med konserten *Sæle Jolekveld* inviterer han publikum til ein musikalsk time prega av glede, høgtid og nærleik.



Takk til våre annonsørar!



**Bonde
Kompaniet**





LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Salg, service og reiseliv

Studiespesialisering

IT og medieproduksjon

Påbygging til generell studiekompetanse





Misjonssambandet
skoler



**Ølen
Begravelsesbyrå**

Vi hjelper med alt innen

- Gravferd • Gravstein
- Minnesider

Døgnvakt: 908 70 379
olenbegravelsesbyra.no

Vindafjord • Etne • Tysvær

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Ønsker din bedrift å teikna annonseavtale i Kyrkjeposten?
Ta kontakt med kyrkjekontoret!



Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord



post@olenregnskap.no



EUROSKO

Etne Senter • tlf 53 75 60 44



Vigor Bygg – byggjer dine små og store bustaddraumar

- Bustad
- Hytte
- Næringsbygg
- Rehabilitering
- Arkitekturarbeid
- Teiknetenester
- Søknadsprosessar



– Ta kontakt for ein uforpliktande prat!

www.vigorbygg.no • Post@vigorbygg.no • Tlf. 906 91 614

Livets gang

Etne sokn

Døpte:

21.09 Mats André Hegerland

19.10 Brage Vee

07.12 Tobias Grindheim

Vigde

14.10 Meike Christine Vollbracht
og Thomas Bernd Oswald

Gravlagde/bisette:

03.06 Anna Synnøve Flatebø
Grindheim

23.09 Inger Alise Ramsvik

10.10 Sigrun Steine

04.11 Anne Lise Engelsgjerd

06.11 Olaug Marie Strømø

14.11 Ingfrid Øvernes

28.11 Erling Hus

09.12 Egil Martin Prestegård



Interessegrupper for

15 konfirmentar meldte seg på gruppa for Friluftsliv tidleg i haust. Konfirmentmødrene Kristine Vik Ekornrud og Trude Flydal Flatebø tok konfirmentane med på utflukter i nærområdet. Der var det matlaging på primus, leik, læring og tur. Tilbakemeldinga var at dette var kjempekjekt!

Fleire frivillige vaksne har stilt opp og gitt tilbod om m.a. akvarellmåling, vask og vedlikehald av lastebil, hjelpeoppgåver i fredagsklubben og innsamling til hjelpeprosjekt. Takk til alle som har tatt i mot dei kjekke konfirmentane våre!

Kari Vik Stubhaug



Nøgne jenter som har laga mat på primus. Frå venstre: Live Markhus Vevatne, Andrea Ekornrud, Madelen Näslund Haugen, Hannab Cathrina Flydal Flatebo, Linnea Håheim

*Kva bur i ei lita konge, tru?
Alle foto: Trude Flydal Flatebo*

konfirmantane i Etne



I aktivitet for læring og lek. Me ser Mathias Osvåg Moe og Kevin Aase, og Linnea Håheim og Andrea Ekornrud i profil.

Livets gang Skånevik sokn

Døyppte:

28.09 Casper Leknes Hovland
28.09 Daniel Wollertsen Nedreskår
16.11 Vemund Øyan
30.11 Solvår Eriksen Børve
30.11 Alette Hansen Stensrud

Gravlagde/bisette:

19.09 Magne Sævareid
11.11 Svein Langhelle
27.11 Beathe Aakra
03.12 Olav Ersland

Kyrkjeposten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder
seier takk for alle gåver!

Kontonummer: 3626.46.37966


Vipps: 808258

vipps



Kyrkjeposten
#808258

Gudstenestekalender



24.12.	13:30	Fjæra kapell	Julekveldsgudsteneste	Arild Steinsland
24.12.	13:30	Etne kyrkje	Julekveldsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
24.12.	14:30	Etne kyrkje	Julekveldsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
24.12.	15:00	Frette kapell	Julekveldsgudsteneste	Arild Steinsland
24.12.	16:00	Skånevik kyrkje	Julekveldsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
25.12.	12:00	Etne kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
25.12.	12:00	Skånevik kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Harald Grønnevik
31.12.	17:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
01.01.	12:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
11.01.	11:00	Fjæra kapell	Gudsteneste	Per Hjemdal
18.01.	11:00	Gjerde kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
18.01.	17:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Per Hjemdal
25.01.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
01.02.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Per Hjemdal
08.02.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Per Hjemdal
22.02.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
01.03.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Per Hjemdal
08.03.	11:00	Frette kapell	Gudsteneste	Per Hjemdal
15.03.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
22.03.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
22.03.	17:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
02.04.	19:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
03.04.	11:00	Grindheim kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
03.04.	17:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	
04.04.	23:00	Stødle kyrkje	Gudsteneste	Per Hjemdal
05.04.	12:00	Etne kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
05.04.	12:00	Skånevik kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Per Hjemdal
06.04.	11:00	Fjæra kapell	Gudsteneste	Per Hjemdal

Endringer kan koma, følg med i Grannar eller www.etne.kyrkja.no.

Redaksjonsnemnda i kyrkjeporten: Harald Grønnevik, Kari Johansson, Steinar Frønsdal,
Alf Østrem og Aud Jorunn Baustad. Layout: Mona Ingvild Svendsby.